

ÅRSMELDING

Dame 4. div

Vi er 14 spelarar som har vore med å spelt kampar denne sesongen. I tillegg har vi 4-5 som er med og trenar med oss. Det er god stabilitet på treningsoppmøte og på kamp. Men sidan fleire jobbar helg, og sjølvsagt ulike helgar, har vi sjeldan vore fullt lag på bortekampane. Dette har nok påverka resultatata noko. Vi har spelt 13 kampar, 8 seirar og 5 tap. Tre forventa tap mot dei to øverste laga, og to tap på kamp nr to når vi har spelt dobbelkamp borte. Når vi ikkje har fullt lag, vert det for tøft å spele to tøffe kampar samme dag. Vi har fem kampar igjen, der målet er å vinne minst tre av dei. Det er viktig å peike på, at det overordna målet alltid er at alle er med, og at vi skal ha det kjekt når vi spelar.

Vi er ein samansveisa og sosial gjeng som trivast godt i lag på trening, kamp og på tribuna for å heie på Herrane og Dame 3. div. På trening prøvar eg å få inn ein del kondisjon og styrke, då det ikkje er alle som er like aktive med eigentrening. På trening i hallen vert det mykje skuddtrening, og speltrening i ulike variasjonar, sjeldan 6 mot 6.

Utfordringane vi har hatt, er å få alle med på bortekampar grunna jobb. I tillegg er det utfordrande for alle, men særleg dei mest «erfarne» av oss, å trene to dagar etter kvarandre.

Weronika Kinn Breidvik
27. februar 2018